





*Ruter og lus. Retrostrikk  
frå Salhus Tricotagefabrikk*  
Ann Kristin Ramstrøm (red.)  
Hanne Dale og Siri Angela Gamborg  
Museumsforlaget, 2018



*Fotograf Knud Knudsen  
– Veien, reisen, landskapet*  
Torild Gjesvik  
Pax, 2018



*Kunstnerliv – Portretter av  
norske samtidskunstnere*  
Anne Marit Muri, tekst  
Bjørn Wad, fotografier  
Wad/Muri forlag, 2018

Salhus Tricotagefabrikk utanfor Bergen (1859–1989) er i dag eit nasjonalt industriminne, og Norsk Trikotasjemuseum held til i dei tidlegare fabrikklokala. Museet fortel den spanande historia til norsk tekstilindustri: ei forteljing om arbeid og teknologi, maskiner og menneske. I tillegg til omvisingar i fabrikk byr museet på galleri, butikk og kafé med sjøutsikt. Sidan 2016 har Norsk Trikotasjemuseum arrangert Bergen Strikkfestival. Salhus Tricotagefabrikk var ein av dei første tekstilfabrikkane i Noreg. Her strikka strikkemaskinene i over 130 år opp metervare som vart til isendarar og tjukke ullgenserar. Genserane varma godt og hadde flotte mønster med enkle geometriske former. I denne boka kan ein sjå korleis dei ved den gamle tekstilfabrikken sette saman og utvikla mønster. Saman med gode strikkedesignarar har det verte laga nye oppskrifter på plagg du kan strikke for hand. I boka har tradisjonelle isendarar og arbeidstrøyer fått nytt liv som genserar, jakker, kjolar, interiørstrikk og tilbehør. Plagga passar til både ungdom og vaksne, og mange har enkel montering med raglanfelling. Vi trur du vil elske dei! Designarar er Birger Berge, Siv Dyvik, Siri Angela Gamborg, Berit Løkken, Birte og Margareth Sandvik, Dianna Walla og Kristin Wiola Ødegård.

Knud Knudsen (1832–1915) var en av Norges pionerer innen fotografi. Han var også en pasjonert og profesjonell fruktdyrker, med utdanning fra Tyskland og gårdsbruk i Odda. Knudsen etablerte seg som fotograf i Bergen i 1864, og var blant de første som spesialiserte seg på landskapsfotografier. En generasjon før fotograf Anders Beer Wilse utforsket han landet på kryss og tvers. Men Knudsen tok ikke bare bilder av landskapene, han var også dypt fascinert av veiene han reiste på. I denne boken følger vi ham på nye veier som ble bygd i andre halvdel av 1800-tallet. De omformet det norske landskapet og gjorde det tilgjengelig for turister og andre reisende. Dette er den rikt illustrerte fortellingen om Knud Knudsens fotografiske reise, en reise som også er tett sammenvevd med Norges modernisering.

Tidligere redaktør for magasinet Kunst, Anne Mari Muri, har intervjuet 19 etablerte, norske billedkunstnere. Hovedsakelig er det figurative malere og et par skulptører, med bynært tilhold sør for Sinsenkrysset. Noen få av kunstnerne har også tilhold i utlandet, i byer som New York og London. Bjørn Wad bidrar med sort/hvitt-portretter. Boken presenterer også verksbilder av kunstnerne.